# Bokn Bygdablad

Nr. 9 november 2014 – Årg. 29



Julemesse s. 3



Blir stengt s. 2



Kjekt på strikkekafe s. 10



Englandstur s. 19

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN





# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Statsbudsjettet for 2015**

Når politikarane i Bokn skal ta fatt på budsjettet for 2015, har me hatt den nye regjeringa i sving i godt og vel eitt år. Det er med spenning me ser fram til det endelege statsbudsjettet etter ei heller intens tautrekking mellom dei samarbeidande partia, ikkje minst sidan det truleg blir ganske store endringar i forhold til den førre regjeringa. Regjeringa la fram budsjettforslaget sitt den 8. oktober, og det er dette budsjettforslaget det nå blir forhandla om. I budsjettforslaget for 2015 har ein lagt opp til å auke kommunane sine inntekter med 6,2 milliardar kroner. Dei frie inntektene aukar med 4,4 milliardar kroner frå anslaga i revidert nasjonalbudsjett for 2014. Auken er større fordi skatteinntektene til kommunane fall i 2014. I forslaget er det også kommunane i Rogaland reknar ein samla sett med å få ein nominell vekst i dei frie inntektene på 5,5 prosent. Viss regjeringa sitt budsjettforslag går gjennom i Stortinget, vil Bokn sin auke i inntektene utgjer 3,2 % - om lag 1,8 millionar kroner. I Rogaland er det då berre Suldal, Sauda og Finnøy som har lågare vekst. Dette inneber ikkje noko realvekst i budsjettet vårt for neste år og stadfestar eigentleg berre den utviklinga me har sett dei to siste åra.

Andre forhold som slår uheldig ut for Bokn, er nedstenginga av gasskraftverket på Kårstø. Her mistar Bokn om lag 800 000 kroner årleg, mens Tysvær går glipp av om lag 9 mill. kroner. I tillegg har me ein del ressurskrevjande brukarar i kommunen som visar godt igjen i budsjetta, minst 600 000 årleg i utgifter. Sjølv om Bokn for tida er blant Rogalands-

Sidan 2005 har Bokn hatt ein god auke i dei frie inntektene. Men etter sju gode år fylgjer ofte sju dårlege år. For Bokn ser det ut for at me vil måtte stramme inn i tida framover. Bokn får dårlegare tal i 2015 enn for 2014. Den openbare løysinga er å minka drifta og kanskje vurdera omorganiseringar. Det vil vanskeleg vera forsvarleg å ta større investeringar i 2015 utanom det som allereie er vedtatt.

**Gasskraftverket på Kårstø blir stengd ned**

Fredag 3. oktober blei det kjent at Naturkraft sluttar av drifta av gasskraftverket på Kårstø. Drifta blei satt i gang i 2007 etter fleire år med politiske diskusjonar. Det var ein lang kampanje frå industriinteresser som meinte at Noreg trengte eit kraftverk for å halda kraftprisane nede.

Gasskraftverket på Kårstø var Noregs



***Gasskraftverket på Kårstø blir stengd ned.***
***Foto: Ørjan Pedersen***

lagt opp til ein auke i småkommunetilskotet og i veksttilskotet.

Frå 2014 til 2015 er det på landsbasis ein nominell vekst i kommunanes frie inntekter på 4,7 prosent. For kommunane med lågast gjeld, har me nå og høgare kapitalutgifter enn tidlegare. Dette skuldast m.a. vedtaket om 10 mill. i låneopptak til kjøp av eigedom som blei gjort i fjor.

fyrste kommersielle gasskraftverk, og dette var ein stor politisk sak på slutten av 1990-tallet. Kjell Magne Bondeviks fyrste regjering gjekk av i mars 2000, då dei stilte kabinett-

spørsmål. Regjeringa blei felt av stortingsfleirtallet då dei nekta å oppheva miljørestriksjonane som hindra bygging av gasskraftverk utan Co2-reinsing.

Anlegget blei ferdigstilt utan Co2-reinsing under Stoltenberg I-regjeringa i 2005. Utbyggar og driftar var Naturkraft, eit selskap oppretta i samarbeid mellom Statkraft og Statoil. Kraftverket kosta over to milliardar kroner å bygga, men har dei siste åra kun vore i bruk nokre få dagar i året i dei kaldaste vinterperiodane, i tillegg til vedlikehaldskjøring. Låge kraftprisar og dyr gass førte til eit årleg tap på kring 100 millionar kroner.

Det er uheldig for Bokn kommune at gasskraftverket stenger ned. Gjennom avtalen med Tysvær kommune om fordeling av skatteinntekter frå gassbasert industri på Kårstø, har Bokn kommune fått overført om lag 800.000 kroner årleg i samband med gasskraftverket. For Tysvær kommune er det endå verre. Dei går glipp av om lag 9 millionar kroner årleg i tapte skatteinntekter frå gasskraftverket.

Sjølv om Bokn og Tysvær går glipp av viktige inntekter frå gasskraftverket, håpar eg fjorårets avgjerd om ilandføring av gass frå Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen til Kårstø på sikt erstattar dei tapte inntektene for kommunane. Avgjerda var særs viktig i forhold til å sikre eit langt liv for Nord-Europas største gassterminal. Aktiviteten knytt til ilandføringa førar lett til annan aktivitet på Kårstø – noko som vil auke inntektene frå gassbasert industri og som fellesskapet vil ha glede av i lang tid framover.

*Ordføraren*

# Stor julemesse blir tradisjon

Jardar Havikbotn



*Mykje folk på julemessa 8. november.*

**8. november arrangerte Grethe Alvestad og Margareth Bokneberg julemesse på skulen for andre gong. Det blei ein suksess, og damene er allereie i gong med planlegginga for neste år.**

Heile 18 utstillarar fylte både gymsal og vestibyle, og i løpet av dei fire timane messa varte blei det stappfullt med folk fleire gonger - ein god følelse for eldsjelene.

- Ja, då det var "full rulle" i gymsalen



*Vestibylen måtte takast i bruk.*

så tenkte eg med meg sjøl at dette har faktisk Grethe og eg stelt i stand, seier Margareth.

Damene er einige om at det varmar godt å sjå at noko ein startar opp blir så godt mottatt i bygda.

- Det ser ut som at alle kosar seg. Det er heilt fantastisk. Eg vil nytta anledninga til å takka alle som set av dagen, skyt Grethe inn.

Damene måtte også seia nei til fem utstillarar i år. Dei sa også nei til enkelte i fjor også, men då var det første gong og dei visste ikkje heilt korleis arrangementet blei.

- Me skal finna på noko lurt slik at det blir plass til så mange stands som muleg - utan at messa blir for stor og ukoseleg, fortel Grethe.

**Julemessa 2015**

Tankar for neste års messe svirrar allereie rundt i hovuda deira, og damene har full kontroll. I følge Margareth trengst det ikkje så mykje planlegging. Dei lokale utstillarane blir spurde først. Ting sprer seg fort på Facebook og folk utanbygds frå tok kontakt og spurde om dei fekk vera med. Plakatar blei også hengde opp på Aksdalsenteret og på Kiwi i Kopervik, og det var også ein del karmøybuar og tysværbuar som kom.

I år sette initiativtakarane borda klare på fredagen, før utstillarane kom. Litt omrokkering blei det, men alle blei fornøgde. 9. klasse, som stod for kafésalet, hadde kontroll på rydding av bord og stolar.

**Møteplass**

Julemessa var akkurat slik ei messe skal vera. Mange spennande produkt, mykje folk og god stemning. God plass til å setta seg ned i kaféen og slå av ein prat. Over 90% hokjønn blant dei besøkande tilseier at det må koma fleire av det andre kjønn. Om ikkje alt på borda er like interessant for mannfolk, så er det ein fin kafé og møteplass.

Mykje tyder på at også utstillarane treivst godt denne laurdagen. - Eg får berre positive tilbakemeldingar. Dei har god plass til varene sine og salet er visst bra hos dei fleste, seier Grethe, som med glede konstaterer at dei har sett seg opp til å få komma igjen neste år.



*Margareth Bokneberg er svært fornøgd med julemessa. Her med*




***Det er også Grethe Alvestad. Her i prat med Tove Anneth Brummenæs Iversen, fornøgd utstillar (tv.).***

Margareth synest det er flott at salet gjekk unna og at dette er ei fin inntektskjelde for utstillarane. Ho gler seg stort over loppemarknadsresultatet til "Bokn Hjelper Ukraina".

- Dei fekk inn så mykje at dei nå kan laga 170 ekstra julepakkar og senda til dei.

Grethe og Margareth ynskjer meir innpass av tradisjonsmat på messa neste år. Viss det er lokale lefse-, potet-, nordlandskakebakarar som kunne tenka seg å vera med, må dei berre ta kontakt på seinsommaren neste år.

- Eg har allereie ei på hand som kunne tenka seg å baka potetkaker, smiler Margareth.

- Dette er ein sånn koseleg dag, så eg håpar at alle fortsatt vil komma og gjera han kjekk, så skal Margareth og eg fortsetta arbeidet vårt med å la han bli ein flott tradisjon, avsluttar Grethe.

Damene gler seg allerede til neste års julemesse. Det er det nok også mange andre som gjer.



Forvaltningsstyremøte 22.10.2014, sak: 037/14

**Gnr. 9 bnr. 82 - Bjørn Eirik Gundersen - felling av tre på kommunal naboeigedom - klage på rådmannen sitt vedtak.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Klagen blir ikkje tatt til fylgje. Vedtak gjort av rådmannen på delegert fullmakt i sak 313/13 den 04.06.2014 blir ståande. Av dette fylgjer at det ikkje blir felt fleire tre.Vedtaket blei fatta mot 2 røyster frå Sp.

---

Forvaltningsstyremøte 22.10.2014, sak: 038/14

**Reguleringsplan for Vågaheia - 1. gongs handsaming**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Vågaheia med kart dagsett 23.06.2014 og føresegner dagsett 23.06.2014

sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

---

Forvaltningsstyremøte 22.10.2014, sak: 039/14

**Meldingssaker til forvaltningsstyret 22.10.2014.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Meldingssakene vart tekne til orientering

---

Forvaltningsstyremøte 22.10.2014, sak: 040/14

**Gnr. 11 bnr. 63 – Kjell Frode Lie – frådeling av to bustadtomter – dispensasjon frå krav om reguleringsplan.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet i kommuneplanen sin arealdel om utarbeiding av reguleringsplan for frådeling av 2 parsellar frå gnr. 11 bnr. 63 slik det er søkt om.
   Det er lagt vekt på at det omsøkte arealet er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen, og at restarealet av eigedomen er lagt ut til grøntareal. Det er og lagt vekt på at regionale styresmakter ikkje har innvendingar mot at det vert gjeve dispensasjon.

2. Ettersom arealet er lagt ut til bustadområde i kommuneplanen, og det er tale om eit avgrensa areal, kan ikkje forvaltningsstyret sjå at utarbeiding av ein reguleringsplan ville ført til eit anna resultat for naboane enn det denne frådelingsaka gjer. Forvaltningstyret finn derfor ikkje grunnlag for å ta omsyn til protesten.

   Dei tilhøve som vert peika på i den protesten som ligg føre, må vurderast i tilknyting til byggesøknadane.

3. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, får administrasjonen fullmakt til å gje endeleg løyve til å dele frå tomtene slik det er søkt om.

---

Forvaltningsstyremøte 11.11.2014, sak 042/14

**Endring av reguleringsplan for Øyren - endeleg godkjenning**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:** Bokn kommune vedtek framlegg til endring av reguleringsplan for Øyren – med plankart dagsett 24.07.2014 og føresegner dagsett 25.07.2014.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

---

Forvaltningsstyremøte 11.11.2014, sak 043/14

**Gnr. 11 bnr. 307 - Alliance Invest Bokn AS - båtopptrekk – dispensasjon**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå krav om bebyggelseplan i føresegnene til reguleringsplanen og for overskriding av byggegrense mot hamneområde sjø, slik at båtopptrekket kan godkjennast slik det er bygt. Det er lagt vekt på Kystverket si fråsegn om at tilbod om båtopptrekk er positivt for hamna, og det er ein føresetnad at dei vilkåra Kystverket set i si godkjenning vert etterkome.

2. Forvaltningsstyret påtalar at tiltaket er utført og teke i bruk utan løyve, men finn ikkje grunn til forfylgje saka utover dette.

3. Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

Forvaltningsstyremøte 11.11.2014, sak 044/14

**Meldingssaker til forvaltningsstyremøte 11.11.2014.**

**Forvaltningsstyret sitt vedtak:**

Meldingsakene vart tatt til orientering.



## Sport

# Til topps

Jardar Havikbotn

**Første helga i november vann tre boknajenter gull i Trollcup i Kristiansand, saman med Falkeid J16.**

Jentene har spelt fotball på Falkeid i mange år. I helga gjekk laget deira til topps i Trollcup i Kristiansand, som var avslutningscupen for i år.

Jentene vann 2-0 over Borre IF fra Vestfold. Det smakte ekstra godt etter at laget tapte finalen i fjor på straffar mot Klepp.

Trenarane Olav Askeland og Bodil Egge seier til Bokn Bygdablad at dei er glade for å ha boknajentene i stallen. 17- og 18-åringane byttar på å spela på 16 års laget. Det er nemleg berre lov å bruka to overårige om gongen.



***Fv. Henriette Jøsang, Julie Bokneberg og Tonje Kro Medhaug.***



***Falkeid J16: Framme fv. Solveig Egge, Emma Askeland, Henriette Jøsang, Ida Sofie Bakken, Ingrid Liknes, Stine Liknes, Aseline Heimdal og Hanna Borgen.***
***Bak fv. Malene Sørenes, Karoline Nybru, Amalie Riisebru, Julie Bokneberg, Tonje Kro Medhaug, Tonje Nordtveit, Amalie Ilstad, Stine Askeland, Åse Bøe Olsen, Karianne Haugesberg, Amalie Helgesen og Siril Riise.***

# Mållagsbesøk

Jardar Havikbotn

**13. november hadde Bokn skule besøk av representantar frå Noregs mållag og Norsk målungdom**

Dei hadde m.a. eit opplegg for fire- og femåringane i barnehagen. Fadrane til femåringane, 5. klasse, var også med. Det blei snakka litt om bruken av bokstavane, og kor viktig det er å bruka nynorsk i lesing og skriving når me snakkar det til vanleg

Nynorskforfattaren og musikaren Roald Kaldestad var der også. Nokon syntest det blei litt høg lyd då han spela på el. gitaren. Han las frå den kjende boka om Jakob og Neikob. Kjekt å høyra når nokon les med så stor innleving.

Alle ungane fekk ei T-skjorte og eit lite hefte som dei kunne fargelegga i. Der stod det også nynorske songer ein kunne synga.






***Forfattaren og musikaren Roald Kaldestad (bildet tv.) deltok med stor iver og entusiasme for eit fullsatt auditorium i høve Noregs mållag sin nynorskstafett.***

***FØR AVREISE: Tv. Synnøve Sætre (Norsk målungdom), ordførar Kyrre Lindanger, Ingar Arnøy og Øystein Skjæveland (begge Noregs mållag) - sistnemnde med sønene Solfinn og Eimund.***

Se-

# *Eg seie meg så*

Birger Lindanger

Frå påliteleg hald har me fått opplyst om at både redaksjonen og alle som svara, tok sørgjeleg feil med omsyn til kva eit avrekkje betyr. Det betyr slett ikkje opprekt gard som blir brukt opp att, men det stykket som ligg i enden av plogfòre og som hesten bruka å snu på i samband med pløyinga!
Me beklagar på ny at me tok feil her, men det er stundom vanskeleg å finna fasiten til ord og uttrykk.
Andor og Dagsentergjengen held elles framleis eit høgt nivå! Andor gav denne gongen ikkje frå seg poeng i det heile med Dagsenteret nok forveksla eit brå og ei bråd. Eit bråd er nok noko anna.

## Forklaringane:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | ei bråd | opning i steingarden |
| 2. | speler | knust bitar, glasskår, skår av kjerald |
| 3. | auren (ikkje fisk) | botnen av nota med søkke i |
| 4. | peen av | leik med to steinar og ein pinne på tvers |
| 5. | ei kvigjor | hestesele festa under brystet og bak framføtene |
| 6. | ei spana | lengdemål med utgangspunkt i fingrane |
| 7. | høvre | ein del av hesteselen som er plassert på nakken |
| 8. | å munka | leik med fem klinkekuler |
| 9. | soggeball | balleik |
| 10. | ein gjeidl (i fiske) | innløpet til ein fiskereiskap, t.d. til ei not eller ruse |

**Månadens uttrykk, kva betyr:**

1. ein rekkjetråd
2. ei skjør
3. ei sproga
4. ei strykereim
5. meller
6. meinslig
7. å vera vanbærte
8. å subitteaen
9. å vera bosen
10. å vera bøsen

**Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 10. desember.**

**Resultat:**

| | |
|---|---|
| Andor Borgenvik | 9 poeng |
| Dagsenterdamene | 9 poeng |

På ny vil me appellera til dei godt vaksne jentene, har de nokre ord og uttrykk for dei leikane de spela dykk med i barndommen – kom med dei!

# *Syng jula inn*

Jan Magne Moi

**Soknerådet inviterer til å synge jula inn i Bokn kyrkje torsdag 11. desember kl. 19.00.**

Sidan me måtte avlyse konserten i november, fekk me lyst til å ha ei samling der me satsar på lokale krefter og der me sjølv kan ta del i songen.

Boknakoret skal vere med. Me arbeider med å få forskjellige lokale innslag. Men viktigast er det at du tek del i fellesskapen og allsongen. Sigrunn Hole Hosaas vil fortelje om nokre av songane. Arne Aurdal vil ha med ei julefortelling.

Denne kvelden er første gongen me tek i bruk den nye salmeboka. Sidan dette er ei større investering for kyrkjelyden, vil det bli teke opp kollekt til å betale bøkene.

Ta med godt humør og ta del i songen.

**Velkommen i alle aldrar.**




***Denne kvelden er første gongen me tek i bruk den nye salmeboka.***

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan
## FRÅ NR. 9 1994

# LØA I FØRESVIK TIL NEDFALLS



Harry Vågshaug som forpaktar jorda der løa står, sååg at dersom han ikkje tok fatt med riving, ville ho snart ha falle ned ved neste hauststorm. I samarbeid med eigarane tok han derfor fatt på rivingsarbeidet, og det skal snart halda fram til løa er borte.

Mange meiner nok det er bra at løa forsvinn - men kanskje er det nokre som syns at det også er litt vemodig. Det er ikkje mykje att av det gamle karakteristiske Føresvik. Gamle Handelslaget og Hesthuset er borte, gamle nattrutekaien med pakkhus og venterom likeså. Det «nye» handelslaget har ikkje akkurat fått den heldigaste utforminga med tanke på tradisjonell vestlandsk byggestil, og gamle hermetikkfabrikken er ombygd til det ugjenkjennelege. Nå tronar Bokn Plast med høge firkanta bygningar. Den «nye» ferjekaien i Føresvik er alt ute av drift som ferjekai, nye kommunikasjonar har overtatt.Og så det gamle meieriet. Men det er det vel ikkje så mange som hugsar.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Øyren 48 (Gnr 4, bnr 36)** er solgt for kr 1.000.000 fra Nina Iren Rasmussen Lind til Jan Roger Mæland **(14.10.2014)**

**Kjelde: Statens kartverk**

## Er du ein *enøyd banditt*?

Det er haust og mørkt. Sjekk at lysa på bilen er i orden, både framme og bak. Undersøkingar fortel at sju av ti blir lurt av at bilar manglar det eine lyset, noko som fører til farlege situasjonar i trafikken. Dessutan får du 2.000 kr. i bot dersom du blir tatt med manglande lys.

Ein kan også risikera redusert erstatning ved ev. ulykker som skuldast manglande lys.





*Boknakoret skal vera med på "Syng jula inn". Her ser me dei saman med Bokn Brass på 17. mai i år.*

*Foto: Kjetil Hamre*

# Juicekurs på Bokn

Cecilie Odland

**Ein søndagskveld kom underteikna over statusen til Vibeke Blomvågnes på Facebook.no at hun heldt kurs. E -post blei sendt og dagen «booka». Søndag 2. november var det Juice-kurs i kyrkjebygd kulturhus.**

Vibeke Blomvågnes er sertifisert jui-cer og juiceterapeut. Ho er utdanna fra Jason Vales Juice Master Academy. Vibeke har også skreve si første bok som heiter *Bare Juice Det*. Ho hadde med seg dottera si Yvonne på juice-demonstrasjonen.

I løpet av kurset fekk me svar på kor-leis ein inkluderte juice i eit sunt kosthald, fordelar med ferskpressa juice, om juicer eller blender er det same, kva ein kan juice og tips til maskinar ein kan bruke.

**På bildet med Vibeke og Yvonne (øvst til høgre)** kan ein sjå frukt og grønt som ein kan bruke i juice. Her er det ananas, eple, appelsin, rød-bet, sitron, ingefær, agurk, jordbær og spinat. Avokado hadde ho også, men denne kan då ikkje «juicast», den kan ein bruke saman med juicen i ein blender. Engasjerte damer følg-de nøye med når det blei demon-strert.

Første juicen ho laga inneheldt ana-nas, eple, spinat, ingefær, sitron og agurk. Denne grøne gleda ser ikkje akkurat så fristande ut, men eg kan skrive under på at det var mange som likte denne. Kommentar frå publikum: «den smakte jo godt»! Me fekk også smake på andre juicer ho laga.

Det var mulighet for å kjøpe boka til Vibeke. Oppfordringa bak på boka hennar er *Kjøp deg ein juicer og sett i gong.*

Reknar med det er mange av damene som har skrive denne opp på ønskelistene sine. Om dei ikkje alt har kjøpt seg ein:)

***Glimt frå kurset***












JUICING NORGE
sunnere livsstil - bedre livskvalitet



# Strikkekafé med besøk fra Sy med oss

Cecilie Odland

**Me var så heldige og fekk besøk av Anne Grethe frå Sy med oss i Haugesund. Ho kom med garn for ein kvar smak, oppskrifter, inspirasjon og verdas beste strikkepinnar.**

Noko av det ho fekk selt i løpet av kvelden var det populære refleksgarnet, strikkepinnar og ulikt garn til forskjellige formål.

Margareth Bokneberg er i full gong med pinnar og garn og tryllar fram dei lekraste luene med refelksgarnet. Ei genial oppfinning for dei som synest det er vanskeleg å bruka refleks i kvardagen.

Anne Grethe hadde også med seg rabattkort som blei lodda ut på alle dei som deltok på strikkekvelden. Anne Grethe trekte då namnelappar ut av ein kopp, og vinnerane av desse blei Elisa Skeie, Solrun Anette Ognøy og Cecilie Odland. Håper rabattkortet kom til nytte:)





*Glimt frå strikkekaféen*





Til og med folk frå Kopervik tok turen på strikkekafeen på Bokn.

Tusen takk til Anne Grethe frå Sy med oss som tok seg tid til å komme til Bokn.

Det er ein god del strikkeglade boknarar og det er utroleg koseleg å samlast med strikketøyet. Håpar på gjentaking:)

# Teaterforestilling for barnehagen og småskulen, 5. nov.



Vi kom spente ned til auditoriet, og fikk se en kjempeflott forestilling om Askeladden som laget ei skute som kunne gå like godt til lands som til vanns, og i lufta med! Historien var noe modernisert, og både «game over» og «facebook» ble nevnt. Det var to skuespillere, og fire håndholdte store dukker med i skuespillet. Med kraftige og gode fortellerstemmer, ble vi med på et eventyr like moro for både barn og voksen. For litt voksenhumor var finurlig flettet inn. En flott opplevelse, og litt skummel, men vi kommer gjerne igjen.

*Store og små i Bokn barnehage*

Serie av
Birger Lindanger

# Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

## NATTRUTA

**Fest med Nattruta**

Når det var basar i Ungdomshuset på Håland, kom ein ikkje skikkeleg i gong før etter at Nattruta hadde vore innom Føresvik på nordgåande om kvelden. Då kom det folk frå Stavanger og ungdommar frå kaien, alle innstilte på å bruka pengar på basaren. Laurdag var treffdagen for ungdommen i bygda. Om kvelden samlast dei på Kaien i Føresvik for å venta på ungdommar som kom frå byen klokka halv elleve med drikkevarer. Sidan toga heile gjengen opp til Grutlå ved Boknabergsvatnet for å halda fram festen med trekkspel og dans.

For boknarane var Nattruta ein heil institusjon og over tid kanskje det viktigaste rutesambandet ein hadde. Som me har vore inne på tidlegare, starta DSD rutefarten mellom Stavanger og Bergen med *Ryfylke* alt i 1856. Men Nattruta var det Sandnæs Dampskibs-Aktieselskab som starta opp.  Bakgrunnen var at selskapet fekk oppdraget med postføringa mellom Sandnes og Bergen. Kystruteskipen *"Sandnæs",* sidan omdøypt til *"Sandeid",* gjekk så den aller fyrste turen frå Sandnes søndags kveld, den 19.juni 1892.

**Å koma sovande fram**

Tanken var alt frå starten at passasjerane skulle få sova seg fram, og ruta var Sandnes – Stavanger – Føresvik –Kopervik – Haugesund – Leirvik – Bergen og retur slik ho også kom til å gå uendra i dei 80 åra som fylgde. Avgangen var kl.21 frå Stavanger med anløp Føresvik halvannan time etter. Frå Bergen og Haugesund kom Nattruta på sør klokka halv sju og la til i Stavanger klokka åtte.



*D/S Austri. Austri gjekk i Nattruta under krigen.*



*D/S Jadarland. Skipet blei sett inn i Nattruta i 1940.*

Ein høveleg bytur kunne då vera å dra sør om morgonen og koma tilbake om kvelden.

I starten gjekk Nattruta bare eit par turar om dagen. Men tiltaket blei ein stor suksess noko som førte til at DSD i 1895 starta tingingar med SDA om eit samarbeid. Dette ordna seg, og frå 1897 heldt Nattruta fram som eit samarbeid mellom dei to reiarlaga og med seglingar seks dagar i veka. Då den fyrste nattrutebåten, den seinare *Sandeid,* blei for liten, blei han seld til DSD og erstatta med den noko større og meir tidshøvelege *Sandnes.* I tillegg gjekk DSDs *Stavanger* og  *Haukelid* i ruta. Sidan i kring 70 år var Nattruta ikkje bare den viktigaste samferdslelina til Bokn, men også i heile sambandet mellom Stavanger og Bergen. Mellom anna sende Oscar Larsen frå kring 1900 mjølk med Nattruta til Haugesund og Bergen.

**Krogjen eller Vigjå?**

Etter kvart blei båtane større og krava til brygger meir omfattande. Brygga i Føresvik blei kring hundreårskiftet for spinkel. I 1902 søkte difor Ingeborg Larsen i Føresvik om at kommunen laut bygga ein ny kai. Dette fekk handelsmannen Christiansen i Krogjen til å tilby Nattruta å gjera bruk av hans steinkai. Kommunen var ikkje uviljuge til å flytta Nattrutekaien om han sparte nokre kroner på flyttinga.

Men i Førsvik hadde dei gode kontaktar i både DSD og SDA og dei fekk reiarlaga til å nekta å skifta stoppe-

stad same kor flott brygge dei fekk i Krogjen.

Sommaren 1903 laut difor kommunen bita i det sure eplet og starta planlegginga av eit nytt, betre kaianlegg i Føresvik.

**Bokn eller Tysvær**

Meir alvorleg var det at ein i Tysvær i 1920-åra ville leggja om Nattruta til å gå innom der i staden for Bokn. Det fylgde då mange harde tak der boknarane uttala seg i klare ordelag om kor uheldig det ville vera å byta Bokn med Tysvær. Enden blei at Nattruta fekk halda fram med å å gå på Føresvik som før.

Nattruta var ein slik suksess at DSD, SDA og HSD gjekk saman for frå 1914 å driva ei dagrute som gjekk med dei same stoppestadane, inkludert Føresvik, som Nattruta. Denne blei ikkje den same suksessen, og ruta blei lagt ned att i januar 1920.

**Krigen røyner på**

Under den 2. verdskrigen blei Nattruta hardt råka. Den fyrste tida, 9.april til 21. mai 1940 blei Nattruta rett og slett innstilt på grunn av krigen. Med det var Bokn på det næraste isolert sidan dei andre rutebåtane også slutta å å gå i denne perioden. Elles blei Nattruta i resten av krigen gjort om til dagrute, det var for farleg å gå etter at det var blitt mørkt.

Snart blei dei to beste skipa: *Stavanger I* og *Sandneæs* rekvirerte av okkupasjonsmakta. I staden blei *Jadarland* sett inn i Nattruta. Men 31. mai 1940, på den fyrste turen i ruta, gjekk båten på ei mine på Slettå, havarerte og 24 menneske mista livet.

I staden sette reiarlaget inn *D/S Saude* som 13. november 1944 blei pårend av ein tysk ubåt og sokk, men utan at nokon mista livet. Eit anna skip som blei sett inn i Nattruta, var *Austri.* Dette fartøyet blei 21. februar



***D/S Stavanger I ved Skagenkaien i Stavanger i 1925. Foto: Anders Beer Wilse Skipet gjekk i Nattruta frå 1914 til 1962.***



***M/S Stavanger som gjekk i Nattruta frå 1950 til 1972. Foto i NSS Jenssen-samlinga.***

1945 bomba av engelske fly i Bømlafjorden. 30 menneske mista då livet etter at alle livbåtane var pepra til pinneved av maskingeværeld. Men hundre blei berga av småbåtar som kom til, mellom dei russiske og polske krigsfangar og nokre tyske militære.

**Nye skip**

Etter krigen fekk ein att dei to rekvirerte fartøya, men i miserabel forfatning. Dei trong difor begge eit omfattande verkstadopphald. Også dei andre skipa var både nedslitne og utdaterte. Det var difor om å gjera så raskt som råd å sikra seg nye og meir moderne fartøy. DSD møtte utfordringa ved å kjøpa inn to utrangerte, amerikanske, sidan britiske, ubåtjagarar. Den eine blei til *M/F Haugesund* som frå 1947 gjekk i rute til Haugesund, den andre, det tidlegare *HMS Kilchattan* blei nattruteskipet *Stavanger.* Det blei ombygd og forlenga fyrst på Rosenberg og sidan på Klasaskjæret i Stavanger og sett inn i Nattruta frå juli 1950.

SDA valde i staden å byggja heilt nytt, og i mars 1950 kunne M/S segla jomfruturen sin. Dette fartøyet gjekk sidan for å vera kystens vakraste skip.

1950-åra blei sjølve stordomstida for Nattruta. År om anna frakta ho kring 80.000 passasjerar eller 220 i dagleg snitt. Ho gjekk også for å vera særs punktleg og gjekk kvar kveld frå Stavanger klokka 21,00, nådde Føresvik klokka 22,30, Kopervik 23,30, Haugesund klokka 01,15, Leirvik klokka. 03,45 og Bergen klokka 07,00.

**Akterutseilt**

Sist i 1950-åra var det teikn på at stordomstida var på hell. Det fyrste var opninga av flyplassen på Flesland i 1955 med direkterute til Stavanger. Både innan DSD og i SDA forsto ein at det var i ferd med å bli eit krav mellom reisande å koma raskt fram. Med det starta dei to i mai 1960 med *Vingtor,* landets fyrste rutegåande hydrofoil og som trafikkerte mellom Bergen og Stavanger. Med ein fart på 35 knop fossa han fram mest tri gonger raskare enn nattruteskipa.

Utover i 1960-åra tok flytrafikken seg opp og fleire snøggbåtar kom til. Nattruteskipa mista stadig fleire passasjerar til dei raskare transportmidla, og i 1970 var talet passasjerar mest halvert til 47032 medan snøggbåtane frakta med seg 127351. Fyrst i 1970-åra kom westamarane til og den 31. august 1974 gjekk *Kronprinsesse Märtha* og *Sandnes* dei siste turane i det gamle ruteopplegget. Dagen etter var Nattruta historie og andre løysingar for transportutfordringane tok seg av behova for å koma til og frå Bokn.



***D/S Saude i Saudasjøen i 1918 Fartøyet heitte fram til i 1914 "Stavanger" og var frå 1897 det fyrste fartøyet DSD hadde i Nattruta. Det gjekk i denne trafikken fram til i 1909 og sidan under den andre verdskrigen fram til det havarerte i 1944 etter kollisjon med ubåt. .***

***Foto: Anders Beer Wilse.***

# Kulturkalenderen - nye arrangement/endringar -

**November**
28. Kino i Auditoriet
30. Julegranstenning kl. 15.30 - 17.30 - sjå s. 26
30. Gudsteneste kl. 18.00 - Lysmesse, speidarane

**Desember**
01. Bokn bedehus: Bibellesing kl. 19
**02. *Julefryd* i Allrommet, Boknatun kl. 10.00 - sjå s. 14**
03. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00- 19.00
03. Strikkekafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 18.00-21.00
06. Julemiddag for ungdom. Meir info kjem.
09. Grautfest for speidarane
10. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00- 19.00
11. *Syng jula inn*, Bokn kyrkje kl. 19.00 - **sjå s. 7**
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste kl. 11.00
14. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
17. Artep kulturkafe, Kyrkjebygd kulturhus kl. 16.00- 19.00
20. Nissekveld for ungdom. Meir info kjem.
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Bokn bedehus: Juletrefest kl. 15
31. Gudsteneste kl. 16.00

**Januar**
**05. Første skuledag i 2015, Bokn skule**
**16. Kino i Auditoriet**
**18. Gudsteneste kl. 11.00**
**30. Kino i Auditoriet**

**Februar**
**01. Gudsteneste kl. 11.00**
**08. Gudsteneste kl. 15.00 - Bibel, 5. kl.**
**13. Kino i Auditoriet**
**Veke 8 Vinterferie, Bokn skule**
**22. Gudsteneste kl. 11.00**
**27. Kino i Auditoriet**

**Mars**
**01. Visitasgudsteneste i Aksdal kl. 11.00 - Felles for Bokn og T.**
**13. Kino i Auditoriet**
**15. Gudsteneste kl. 11.00**
**27. Kino i Auditoriet**
**29. Gudsteneste kl. 11.00**
**Veke 14 Påskeferie, Bokn skule**

**April**
**03. Gudsteneste kl. 13.00**
**05. Gudsteneste kl. 15.00**
**10. Kino i Auditoriet**
**24. Kino i Auditoriet**
**26. Gudsteneste kl. 18.00 - Ung messe, samtalegudsteneste**

**Mai**
**03. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon**
**08. Kino i Auditoriet**
**17. Gudsteneste kl. 10.30**
**22. Kino i Auditoriet**
**24. Gudsteneste i Tysvær kl. 11.00 - Felles for Bokn og Tysvær**
**31. Gudsteneste i Loten kl. 11.00 - Felles for Bokn og Tysvær**

**Juni**
**05. Kino i Auditoriet**
**19. Kino i Auditoriet**
**21. Gudsteneste kl. 11.00**

**Fleire arrangement kjem i desember-utgåva.**

# Alternativ halloweenfeiring

Marit Sofie Teistedal Vikre

**Fredag 31. oktober var det tre kjekke kveldstimar for 12-åringane på Bokn! Ni av dei, fire konfirmantar og nokre vaksne var samla på Bokn bedehus til "alternativ halloweenfeiring.**

skape gode relasjonar og ein god kveld for alle!

Deltakarane signaliserte at dei hadde hatt ein flott kveld! Det var imponerande å sjå kvar av 12-







Trusopplæringa Kyrkjenær vil bidra til ei annleis Halloweenfeiring med fokus på godleik og Jesus som ljoset i verda. Andakt, refleksløp, utholing av gresskar, utkledning og god mat var med på å

åringane gå på "catwalken" med sjølvlaga kreasjonar laga av plastsekkar, kreppapir og litt sminke og hårspray! Latteren sat laust, og det verka som om alle hadde ein kjempekoseleg kveld!




**Førjulstid** er tidsrommet før jul der ein førebur feiringa gjennom å skaffa julegåver, laga og hengja opp pynt, gjera reint og laga til mat.

Handelsstader bruker førjulstida til å selja gåver, mat og pynt som høyrer jula til. For mange er det denne tida dei har det største salet, og dei kan leggja mykje arbeid i juleutstillingar og underhaldning i tida før jul. Julestrida, alt arbeidet rundt det å førebu jula, er knytt til denne tida.

**Kjede: Wikipedia**

**Advent** er en kristen høytid, som markerer forberedelse til juletiden. Navnet kommer fra latin *Adventus (Redemptoris)*, «(Herrens) ankomst». Første søndag i advent er første dag i kirkeåret.

I ortodokse kirker begynner advent 15. november, og varer i 40 dager. I andre kirker begynner den på søndagen som er nærmest festen for St. Andreas (30. november), og varer fram til jul. Fjerde søndag i advent kan da falle på julaften.

Det er usikkert når kristne begynte å markere adventstiden. Den tidligste referansen man har til at det er noe spesielt med tiden før jul, er fra et konsil i Saragossa i 380, der det forbys å være fraværende fra kirken i de tre ukene mellom 17. desember og Herrens åpenbaring (Epifani), 6. januar. Den første helt sikre henvisningen er fra synoden i Lerida i 524. Advent ble da fastlagt som starten på kirkeåret.

**Kjede: Wikipedia**



## Biblioteket har eit stort utval av bøker til advent og jul:



**Aukrust, Kjell: Solan og Ludvig: JUL I FLÅLYPA**

I den vesle fjellbygda Flåklypa er sommeren varm, høsten våt og vinteren lang og iskald. Ingen i bygda har før opplevd en jul uten snø på trærne og høye brøytekanter. Ikke før i år. Flåklypa Tidene-redaktør Frimand Pløsen har gjentatte ganger lovet bygdas lesere snø. Julaften er bare noen dager unna, og det er fortsatt ikke snø. Når Ludvig ønsker seg snø, er ikke oppfinner Reodor Felgen vanskelig å overtale til å bygge verdens kraftigste snømaskin. Men så forsvinner Reodor, og så forsvinner snømaskinen, og plutselig må Solan og Ludvig stelle i stand til jul alene. Samtidig må de redde Flåklypa fra verdens verste snøstorm. Er illustrert med bilder fra filmen ”Jul i Flåklypa”. Fortelling for småskole-/ mellomtrinnet.

---



**Faye, Pernille: Knas: Deilige sprøe pepperkakefantasier**

Boken inneholder oppskrifter på og forslag til små og store byggverk laget i pepperkakedeig. Den viser hvordan du, utstyrt med melisglasur, godteri og noen enkle redskaper, kan lage julens fineste pepperkakebyggverk. Pernille Faye viser dessuten hvordan du kan samle og sortere fra det fargerike godteriet som finnes på markedet, alt fra nydelige kandiserte roser til mer robust selvplukk. Forlaget lover at hvert sekund som investeres i arbeidet, tilbakebetales i form av uhemmet og uforglemmelig ros fra liten og fra stor. Bakerst i boken finner du 16 sider med mønsterark i full størrelse.



**Strømstad, Åse: Norsk julemat**

Ønsker du oppskrifter på god, tradisjonsrik julekost, men vil i tillegg vite mer om hvordan julemattradisjonene har utviklet seg i Norge? Da er kanskje dette boken for deg. Kari-Bjørg Vold Halvorsen fra Norsk Folkemuseum forteller innledningsvis om de mangfoldige julemattradisjonene som har eksistert i Norge, fra det gamle bondesamfunnets og brogerskapets matskikker med lokale varianter frem til vår tids moderne julematskikker. Aase Strømstad gir deg oppskriftene på julens bakverk, kjøtt- og fiskeretter, desserter, julegodter og -drikke. Oppskrifter på julemat fra de øvrige nordiske landene presenteres i et eget kapittel.

---



**Gaaserud, Anne G.: Julepynt & julegaver**

Denne boken skal passe for alle som liker å lage egen julepynt og kanskje også hjemmelagede gaver. Den presenterer julepynt til hjemmet og mange lekre og enkle gaver du kan lage selv. Her finnes noe for enhver, enten du foretrekker hekling, strikking, brodering, søm og lappesøm, scrapbooking, lysstøping eller

---



**Fiske, Anne: Mens vi venter på nissen**

I denne adventsboka er det mange tips til ting man kan lage selv av advents- og julepynt. Materialene er enkle å skaffe. Enten er det ting man allerede har fra før, mye finner man utendørs, eller kan kjøpes for en rimelig penge. Noe av det man kan lage: adventskalender, adventsstjerne, adventskrans, julekort, julepynt, pepperkaker, til og fra-lapper. Alle tingene er lette å lage, og har tydelige trinn for trinn forklaringer i tekst og tegninger. Hobbybok for førskolebarn/mellomtrinnet.

---







**OPNINGSTIDER:**
Måndag 16.00 - 19.00
Tysdag 09.30 - 13.30
Onsdag 16.00 - 19.00
Torsdag 09.30 - 13.30

# Fyren, Bokn - bu ved havet!

## Kommunale tomter for sal

Kontakt servicetorget i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no




## Fyren bustadfelt

Åtte einebustadtomter - Tomt for fleirmannsbustader

**Tomteprisar:**

(Endeleg storleik er klar etter oppmåling)

Tomt 1-3 (storleik ca. 0,8 daa) - pr. tomt kr. 734.000
Tomt 4-8 (storleik ca. 0,7-0,86 daa) - pr. tomt kr. 614.000
Tomt for fleirmannsbustader,
(storleik 2,3 daa) - minstepris: kr. 2.224.000

**Sjå elles Bokn kommune sine reglar for tildeling av bustadtomter i Fyren bustadfelt: www.bokn.no.**



HAR DU LYST TE Å BU

# *hima på Bokn...*

..men vil ha noke mer lettvindt?

**Kun 50.000,-** ved kontrakt, resten ved overtakelse!




# ALVESTADKROKEN

## Nye lekre leiligheter i idylliske omgivelser

Boligene på Alvestadkroken har gjennomtenkte og praktiske løsninger. Det er standard med 2 soverom, men dere kan også velge 1 soverom og større stue. Vi kan garantere lave strømutgifter i våre "varme boliger". Velger du leilighet i 2. etg. får du ekstra høy takhøyde i stue/kjøkkendel. Båtplass er det også mulighet for i nærområdet. Hva med å tøffe en tur på fjorden før solen går ned?

POPPCORN.NO

60 m² / Mulighet for startlån i Bokn kommune og inntil 100% finansiering / Kr 0,- i etablering av lån

DNB

ASKELAND EIENDOMSUTVIKLING AS

FOR MER INFORMASJON:
Megler GEIR AUDUN VIKSE, Mobil: 46 85 03 90, E-mail: geir.audun.vikse@dnbeiendom.no

Selger/utbygger Askeland Eiendomsutvikling AS v/ OLAV ASKELAND
Mobil: 90 82 59 90, E-mail: olav@bygg-askeland.no
**www.bygg-askeland.no**




Norges mest fornøyde TV- og bredbåndskunder – 5. året på rad.

Takk for tilliten!

ALTIBOX LEVERES AV

Er du ikke på fiber ennå? Bestill på
**www.haugnett.no**

HAUGALAND KRAFT

# Klassetur til England

Tekst: Ida Havikbotn - foto: Wenche L. Havikbotn

**Fem dagar i september var 10. klasse på klassetur til Scarborough i England. Det var ein kjekk tur.**

Egil køyrde oss med minibussen til flyplassen på Sola tidleg om morgonen 11. september. Det var så vidt me fekk alle dei store, fargerike koffertane med oss. Dei fleste i klassen fekk sitte med nokon dei kjende på flyet. Véret var strålande og me hadde ingen problem under flyturen.

Det tok ein time å komme seg gjennom flyplassen i Newcastle. I tillegg til å vente på bagasjen og gå gjennom sikkerhetskontrollen, prøvde me å finne bankkortet (utan hell) til Joakim, som han gløymde på flyet.

**Jackie**

Ei veldig lita dame med kremkvitt hår og lys, kraftig stemme møtte oss utafor flyplassen. Ho heitte Jackie og hadde ein klar britisk aksent. Bussen til hotellet i Scarborough tok to timar. Det første me gjorde på hotellet var å leite etter Wi-fi. Heldigvis fann me det hengande på dørene til romma. Hotellet var bra med flott utsikt.

Etter innsjekkinga guida Jackie oss rundt i byen **(bildet under)**. Me gjekk gjennom alle gatene, og ho fortalde oss kor me kunne shoppe, ete, m.m.





***Ved Scarborough Castle: Bak fv. Joachim Ognøy Paulsen, Torfinn Mandius Alvestad, Kristina Kallevik Hanssen, Linn Sørvaag, Eline Foss Øvrebø, Malena Hognaland, Raymond Hognaland, Rune Hognaland og Sverre Trosnavåg.***
***Framme fv. Målfrid Kvinnesland Øvrebø med Simmen Karoliussen bak, Ida Havikbotn med Gina Grønnestad Johannessen bak, Joakim Skjelde og Jonas Løvereide Faye.***



Gatene var flotte med mange populære butikkar, alt frå Nike-butikk til Poundland -ein butikk der alt kosta eitt pund. Eg trur dei fleste av oss blei galne der inne og kjøpte alt me syntest var interessant.

Jackie hadde bestilt lunsj på Pizza Hut. Pizzaen smakte deilig etter ein dag med lite mat, og eg trur ikkje nokon var svoltne etter restaurantbesøket. Det me ikkje visste var at då me kom til hotellet etterpå, var middagen klar. Ein kan trygt seie at me gjekk til sengs med fulle magar den kvelden.



*Scarborough, med rundt 50.000 innbyggjarar, er den største feriestaden på kysten av Yorkshire.*




*Ein typisk engelsk telefonkiosk.*

**Norvik Viking Centre**

Neste morgen var det engelsk frukost klokka åtte før bussen gjekk til York, til eit senter som heitte Jorvik Viking Centre. Der blei me plasserte i nokre vogner som køyrde oss sakte gjennom historia om vikingane. Dei hadde brukt dokker som såg veldig levande ut, og me kunne høyre ei stemme som fortalde oss alt om kva vikingane gjorde. Lukta i rommet var også slik som i vikingtida. Nokre av elevane ville kasta opp pga. lukta. Me lærte likevel mykje, fordi me kom ”ansikt til ansikt” med vikingane, og det var ein meir morosam måte å lære på.

Seinare på dagen blei det m.a. gocart i Scarborough.

**Scarborough Castle**

Lørdag hadde me lærar som heitte Patrick. Han bad oss først plassere ein haug med papir med eitt ord på kvart papir til ulike sider av bordet. Dei tinga me trudde var dårlege skulle me sette til venstre, og dei gode tinga til høgre. Patrick måtte hjelpe oss med nokre av orda. Etter to timar fekk me lov til å gå rundt i Scarborough og gjere det me ville. Klokka tre møtte me Patrick igjen og gjekk opp til Scarborough Castle. Der fekk me lære lokalhistorie. Han viste oss kor kongen hadde budd før, og korleis slottet hadde blitt bomba under andre verdskrig.  Me stod også på ein brønn som var over 40 meter djup, men sjølvsagt var det sprosser som heldt oss oppe.

**Flamingo Land**

Siste dag før heimreise reiste me til Whitby Alley, som er kjent for å vere heimen til Dracula. Så besøkte me den berømte parken Flamingo Land. Der var det mange berg og dalbanar **(bildet under)**. Dei fleste i klassen tok så mange dei kunne før me måtte tilbake til Scarborough.



*Whitby Alley, heimen til Dracula.*



Eg er veldig glad for at me fekk muligheten å reise til England fordi turen var fantastisk, og me klarte å gjere så mykje på så lita tid. Staden me hadde valt kunne heller ikkje vore betre.

Eg trur me gjorde eit riktig val då me valde England fordi alle snakka engelsk der nede, og vi måtte også vere meir høflege enn me er vane med.

# KFL bil og utleige

| | | |
|---|---|---|
| Utleige av stillas | frå | 500 kr. pr.v. |
| Utvendig lakkrens av bil | frå | 2.500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå | 500 kr. |
| Skinnpleie | frå | 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanl. | | 500 kr. |

**Utleige av minigravar 2500 kg**

| | |
|---|---|
| Pris døgn | 1.000 kr. + mva |
| Pris veke | 5.000 kr. + mva |
| Pris pusseskuffe | 150 kr. + mva |
| 3.500 hengar, døgn | 400 kr. + mva |

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

# NEDREBØ
## MASKIN & TRANSPORT

- **Salg og leveranse av singel og veigrus**
- **Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel**
- **Opplasting og bortkjøring av løsmasser**

**Telefon: 94 98 63 64**

## Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

# Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop Marked Bokn.

**Opningstider blir varsla med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.**

Helsing

Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



## Møteplanar, kommunale styre og utval

**Bokn kommunestyre**
16.12 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

**Bokn formannskap**
02.12 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)

**Bokn forvaltningsstyre**
04.12 kl. 19.00 (Boknatun, 1. etasje)

## Marihøne i november



Årets november har vore veldig mild. Dette er sannsynlegvis grunnen til at ei marihøne dukka opp på Yoga på idrettshuset 12. november!


# Bokn Bygdablad

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 404,- pr. år, 578,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skule-elevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Annette Bokneberg/Gro Sørensen

**Bygdabladnemnd**
Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

**Foto, omslag:**
Stephan Haram

**Gjeldande annonseprisar**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 2.000,- |
| Halvside | kr. 1.000,- |
| Kvartside | kr. 500,- |
| 1/8 side | kr. 250,- |
| Privatann. | kr. 100,- |
| Nettannonse | kr. 100,- |
| Fastannonse | etter avtale |


## Ikkje plass til alt

At sidetalet til dette bladet alltid må gå opp i fire er ikkje alltid like lett når mykje stoff kjem i innboksen og tida er knapp. Denne gong blei det ikkje plass til ein del artiklar. Dette kjem i julenummeret, som dukkar opp dagane før julaftan. Der vil du også finna ein rykande fersk bokna-kalender for 2015.

*- redaktøren*

Trovåg
Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

# GRATULERER!



**Emil Odland Alvestad - 1 år, 9. november.**

Gratulerer med 1-årsdagen til vår storsjarmør Emil!
Vi er ubeskrivelig glade i deg!

**Store bursdagsklemmer fra mamma og pappa!**




**Eskil Bokneberg - 10 år, 15. november.**

Gratulera såå masse!

**Klemz frå mams, Julie, Celina & Christian.**

# Juletresalg

Bokn Røde Kors selger flotte juletrær i Føresvik
13. Og 20. Desember

Det vil bli lagt ut liste for forhåndsbestilling under julegrantenningen, 30. November.

Forhåndsbestilling kan også sendes til e-post:
post@boknrk.no

Vi kan også være behjelpelige med transport og levering

Røde Kors Bokn

Bokn Røde Kors
inviterer til

# Julegrantenning

**30.november 15:30**
på Bokn Skule

Loddsalg
Salg av hjemmebakst
Godteposer til alle barn
Underholdning
Kanskje kommer også nissen?

Klokken 17 går vi ned til Boknatun hvor vi tenner julegranen og synger julen inn.
Programmet slutter cirka 17:30

Velkommen til en hyggelig førjulsstund

Røde Kors Bokn

## Næringsliv




Velkommen til en avslappende velværetime i disse travle førjulstider.
Egne pensjonistpriser nå i jule-sesongen.



Åpent alle hverdager 08.30 - 20.00
Mineralogi-sminke for salg.
Ønsker alle en fin førjulstid.
**Mvh. Hårsmia/Mona**






## Div. tenester

**DAGSENTERET**

Ope kvar tysdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Bengt Krystad - leiar**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30 - 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10**
**52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

**LANDBRUKSKONTORET**

Det er slutt på kontordag på Boknatun.

Du kan kontakta landbrukskontoret på Tysvær rådhus i Aksdal.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**BOKN TANNKLINIKK**

**Kontortid tysdagar kl. 08.30 - 15.10**

**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**Bruk refleks!**



## Bokn legevakt 52 74 85 22

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

**Jan Schille - lege**

**PSYKISK HELSETENESTE**

Kontortid mellom kl. 08.00 – 15.30 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

E-postar:
henriette.lindanger@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 93 85 14 09

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

**Timebestilling: Ta kontakt med Bodil på mobil 40 41 12 61**

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

**BOKN FOTTERAPI**

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Petra fritidsklubb

# Halloween-feiring på Petra



**Fredag 24. okt. var det Halloween-feiring for ungdommane på Bokn. Styret i Petra fritids-klubb hadde planlagt ein heil del for at denne kvelden skulle bli bra.**

Det tar tid å arrangere slike ting. Ikkje bare er det planlegginga som tar tid, også ein del av rekvisittane i lokalet har dei brukt tid på. Det har ungdommane laga sjølv!

Styret var på plass i god tid før døre-ne blei opna. Her var siste finish på spøkelseshistoria om Petra som lev-de i kjellaren gjort klar, kiosken fylt opp med snop. Alle var så klart ut-kledde for anledninga og klare for Halloween-fest.

Ut over kvelden hadde me aktivite-tar. Forteljing og guida tur ned i den mørke kjellaren, mummifisering med toalettpapir og kåring av beste kosty-me.

Beste kostyme gjekk til **Silje Kristine Furseth (bilde)**, ho vann gavekort på platekompaniet. Me gratulerer:)

Ut over kvelden blei «dansegolvet» i Petra-stova fylt opp av danseglade ungdommar. Ungdomsarbeidaren og ungdommane gler seg stort til kjellar - lokalet er ferdig.

Glimt frå kvelden








**Gjentar gjerne Halloween-suksessen til neste år.**

*Neste store «happening» for ung-dommane er den årlige jule-middagen som i år skal gå av stabelen 6. desember i kjellaren på Petra:)*

*Ønsker du å sjå meir bilete? Bli venn med Petra fritidsklubb på Facebook:) (her kan ein også følje oppussinga av kjellaren).*